

Handlingsplan mot vald i nære relasjonar

2020 - 2024

Vedteken i kommunestyret i K-sak 153/19



Årdal kommune

Innhald

Innbyggjarane i Årdal kommune skal kunne leva eit liv fritt for vald!	4
Føringar i nasjonale, regionale og kommunale planar	4
Nasjonale handlingsplanar	4
Målgruppe	5
Kommunen sitt ansvar	5
Lovregulerte pliktar og rettar	5
Teieplikt	5
Avvergeplikt	5
Meldeplikta til barnevernstenesta	6
Opplysningsplikt til barnevernstenesta	6
Anonymitet	6
Anmelding	6
Privatpersonar si plikt til å handle	6
Barnekonvensjonen	6
Definisjon på vald	6
Ulike former for vald	7
Digital vald	7
Fysisk vald	7
Psykisk vald	7
Latent vald	7
Materiell vald	8
Seksuelle overgrep mot barn	8
Seksuell vald	8
Seksuell trakassering	8
Vald i kjæresteforhold	8
Æresrelatert vald	8
Sosial kontroll	8
Strukturell vald	9
Økonomisk vald	9
Menneskehandel	9
Dette veit vi om omfanget av vald i nære relasjoner	9
Konsekvensar av vald	10
Sårbare grupper	10
Barn	10
Ungdom	11

Eldre.....	11
Menneske i aktiv rus.....	11
Innvandrarar.....	11
Personar med funksjonsnedsetting.....	11
Oversikt over hjelpetilbod i Årdal og i Sogn og Fjordane (Vestland)	12
Alarmtelefonen for barn og unge.....	12
Barnevernstenesta i Årdal - vakttelefon	12
Barn som pårørande.....	12
Betre tverrfagleg innsats (BTI).....	12
Familievernkontoret.....	12
Konsultasjonsteamet.....	12
Støttesenteret mot seksuelle overgrep (SMISO).....	13
Statens Barnehus Bergen (Førde).....	13
Pensjonistforbundet.....	13
Reform ressurssenter for menn	13
Vern for eldre	13
Krisesenteret i Sogn og Fjordane.....	13
Førebyggjande politiarbeid	13
Våg å sjå – våg å spørja!	14
Ha mot til å handla!.....	15
Privatpersonar	15
Tilsette	15
Handlingsrettleiarar	16
Handlingsrettleiar Vaksne	17
Handlingsrettleiar barn	20
Kompetanseplan, tiltak i perioden	23
Økonomi	24
Nettressursar	25
For alle	25
For deg som jobbar med barn og unge	25
Gode nettressursar retta mot barn og unge	25
For deg som jobbar med eldre	26
For deg som jobbar med vaksne med nedsett funksjonsevne.....	26
For deg som jobbar med minoritetsspråklege	26
Kjelder	26

Innbyggjarane i Årdal kommune skal kunne leva eit liv fritt for vald!

Alle tilsette i Årdal kommune skal bry seg og handle når dei er vitne til eller mistenkjer vald. Utøving av vald er straffbare handlingar i strid med norsk lov, og eit angrep på grunnleggjande menneskerettar. Det er eit alvorleg samfunnsproblem både ut i frå helse-, likestillings-, oppvekst- og eit livsløpsperspektiv. Vald skal ikkje unnskulda eller vekkforklarast, som eit kulturfenomen eller anna, som kan føre til noko form for legalisering.

Årdal kommune ønskjer å styrke arbeidet for å førebyggje og å avdekke vald i nære relasjonar slik at innbyggjarane får nødvendig hjelp og vern. Det er viktig å vere medviten om at vald vert utøvd i alle samfunnslag, både mot barn og spedbarn, kvinner, menn, gamle som unge. Vald påfører stor liding og dei helsemessige konsekvensane kan vere omfattande og livstruande. I tillegg til dei store konsekvensane for den einskilde, har vald også store samfunnsøkonomiske kostnader. Alle må gjere sitt for å hindre at nokon vert utsett for vald, og når det gjeld barn må barnet sitt beste vere eit overordna prinsipp.

Hovudmålet for handlingsplanen er: Innbyggjarar i Årdal kommune skal kunne leve eit liv fritt for vald!

I eit liv utan vald, regjeringa sin handlingsplan mot vald i nære relasjonar i 2014 – 2017, vert kommunane oppmoda om å utarbeide kommunale handlingsplanar mot vald i nære relasjonar. Føremålet med ein kommunal handlingsplan er å førebyggje og auke fokus på vald i nære relasjonar i kommunane, og sikre at dei det gjeld får eit tilrettelagt og heilskapeleg hjelpestilbod. I tillegg vil dei styrke kunnskapsnivået til kommunen sine tilsette og vidareutvikle samarbeid mellom faggrupper, instansar og forvaltningsnivå.

Handlingsplanen innheld kunnskap om vald, teikn til bekymring og kva ein skal gjere når bekymringa oppstår. Det skal vere eit verktøy for å hindre, avdekke og ta stilling til all form for vald i nære relasjonar. Gjennom bevisstgjering og kunnskap om vald i nære relasjonar ønskjer vi å formidle ei haldning om nulltoleranse mot vald og seksuelle overgrep.

Handlingsplanen skal bidra til at alle som arbeider og/eller er i kontakt med barn, unge og vaksne i alle aldrar, skal **våge å sjå, tote å spørje** og ha **mot til å handle** slik at volden opphører.

Informasjonen om kunnskap i handlingsplanen er retta mot alle tilsette i førstelinja- tenesta, men er også retta mot alle innbyggjarar i kommunen. Det kan vere føresette, andre familiemedlemmer, venner, medelevar, naboar, offentlege nettverk og/eller frivillige i foreiningar/lag som har ei bekymring knytt til eit barn, ein ungdom eller ein voksen.

Føringar i nasjonale, regionale og kommunale planar

Nasjonale handlingsplanar

Arbeidet med å førebyggje, avdekke og sette inn tiltak mot vald i nære relasjonar vert styrt av fleire nasjonale føringar, både i lovverk, handlingsplanar og forskrifter. Dei nasjonale føringane som det er viktigast å kjenne til følgjer her:

- *Regjeringens opptrappingsplan mot vold og overgrep 2017 -2021*
- Regjeringa sin handlingsplan mot negativ sosial kontroll, tvangs-ekteskap og kjønnslemlesting, *Retten til å bestemme over eget liv 2017 – 2021*.
- Regjeringen sin strategiplan for å bekjempe vald og seksuelle overgrep mot barn og ungdom, *Barndommen kommer ikkje i reprise 2014 – 2017*.
- Regjeringen sin handlingsplan mot vald i nære relasjonar, *Et liv utan vold 2014 -2017*

Planane inneholder mykje informasjon og forsking på tematikken og er nyttige oppslagsverk for å hente meir kunnskap om tema. Alle har fokus på førebygging og arbeid mot vald. Planen inneholder tiltak for å oppnå dette.

Målgruppe

Nasjonalt kunnskapssenter for vald og traumatiske stress sin «forekomststudie» (2014) har avdekkat at eit betydeleg omfang av befolkninga i Noreg opplever vald i nære relasjoner, og at det kan råka oss uavhengig av alder, kultur, sosial status og deltaking.

Det har komme fram eit behov for å styrke arbeidet med å avdekke vald innan alle tenester i kommunen. Regionalt ressurssenter om vald, traumatiske stress og sjølvmordsførebygging (RVTS) Vest tilrår breie tiltak som omfattar heile befolkninga. Planane omfattar difor mål og tiltak mot vald i nære relasjoner i eit livsløpsperspektiv.

Kommunen sitt ansvar

Handlingsplanen pålegg kommunen som arbeidsgjevar ansvaret for å sikre at alle tilsette i kommunen har tilstrekkeleg kunnskap om meldeplikta, og at dei er trygge på korleis denne skal praktiserast. Vidare seier planen at kommunene skal sørge for at alle kommunalt tilsette har tilstrekkeleg kunnskap om kven dei skal ta kontakt med, dersom dei er bekymra for at ein innbyggjar dei har kontakt med er utsett for vald, eller det er spørsmål om melde- og/eller avvergeplikta er utløyst. Kommunen har også ansvar for at kommunen sine innbyggjarar har tilgang til eit fullverdig tilbod på krisesenteret.

Kommunane, i form av både barnevern, psykisk helseteneste og sosialtenesta i NAV, har også eit ansvar for oppfølging av dei som er utsette for vald, familiane deira og pårørande. Herunder kjem og lovfesta plikt til å gje opplysing, råd og rettleiing (helse- og omsorgstenestelova § 3-3, barnevernlova § 6-1, sosialtenestelova § 17) og ei lovfesta rett til individuell plan (helse- og omsorgstenestelova § 7-1, sosialtenestelova § 28, barnevernlova § 3-2a).

Lovregulerte pliktar og rettar

Teieplikt

Teieplikta skal sørge for å hindre at opplysingar om nokon sine personlege tilhøve, vert kjent for utedkommande. Teieplikta for offentleg tilsette er heimla i forvaltningslova § 13. I tillegg er einskilde profesjonar og faggrupper underlagt særskilt teieplikt i ulike særlover. Men, teieplikta skal ikkje vere til hinder for å melde frå til politi og/eller barnevern når det er mistanke om at eit barn vert utsett for vald/sekuelle overgrep, og/eller om dei lever i vald.

Som hovudregel skal offentlege tilsette hente inn eit informert samtykke frå vedkommande vi yter hjelp til, for å ta kontakt med andre delar av hjelpeapparatet. Om det ikkje er mogleg, er ikkje teieplikta til hinder for at tenesteapparatet kan drøfte ei sak anonymt (då vert det ikkje gitt opplysingar som kan identifisere personar eller saker).

Avvergeplikt

Avvergeplikta er ei plikt som er heimla i straffelova §196, om å avverge ei straffbar handling ved å melde frå til politiet, eller på annan måte søkje å avverge ei straffbar handling. Avvergeplikta gjeld når det framstår som sikkert eller mest sannsynleg at ei straffbar handling er eller vil bli gjennomført. Avvergeplikta opphevar teieplikta. Denne plikta gjeld ikkje berre for offentleg tilsette, men også privatpersonar.

Meldeplikta til barnevernstenesta

Alle offentleg tilsette har plikt til å melde til barnevernstenesta om barn som vert utsett for vald/seksuelle overgrep, eller er vitne til vald. Einskilde instansar har særlege lover som regulerer verksemda sin avgjersler om teieplikt, opplysningsplikt og opplysningsrett. Tenesta sine eigne rutinar skal følgjast når melding skal sendast til barnevernet.

Opplysningsplikt til barnevernstenesta

Dette er ei lovpålagt plikt til å gje opplysingar. Opplysningsplikta overfor barnevernstenesta omfattar både ei plikt til å melde frå på eige initiativ og til å gje opplysingar ved pålegg frå barnevernstenesta. I saker der det ligg føre mistanke om at eit barn vert utsett for vald eller eit vitne til vald i familien, er det barnevernstenesta eller politiet som vurderer om og når omsorgspersonen skal informerast. Opplysningsplikta er teken inn i lova for å sikre at saka er så godt opplyst som mogleg, slik at avgjersla vert teken på best mogleg grunnlag.

Anonymitet

Den som gir opplysingar til barnevernstenesta er ikkje sikra anonymitet. Om barn er utsett for hendingar som kan utløyse opplysningsplikta, t.d vald i heimen, skal det gå fram kven meldar er. Offentleg tilsette kan ikkje sende anonyme meldingar til barnevernet.

Anmeling

Vald i nære relasjoner er underlagt ubetinga offentleg påtale, og politiet bør i størst mogleg grad ta ansvaret for at anmelding vert skreve. I slike saker er det ikkje nødvendig for ein fornærma å sjølv anmeldte det straffbare tilhøvet. Politiet kan på sjølvstendig grunnlag iverksette etterforsking når politiet er kjent med at nokon er utsette for vald i nære relasjoner.

Privatpersonar si plikt til å handle

Alle har ei moralisk plikt til å handle dersom ein mistenkjer at nokon er utsett for vald eller seksuelle overgrep. Privatpersonar kan melde bekymring anonymt til barnevernet og er ikkje bundne av same regelverk som ein offentleg tilsett. Avvergeplikta derimot er lik for alle.

Barnekonsvensjonen

I vurderingar og handlingar som gjeld barn og ungdom ønskjer vi å presisere at det grunnleggjande argumentet skal vere barnet sitt beste, jf. Barnekonsvensjonen sin artikkel 3 nr 1. Dersom du er usikker på kva du ser, men vurderer at det vil vere til barnet sitt beste om nokon ser nærmare på saka, kan med andre ord meldeplikta di vere utløyst. Melding, eventuelt anonyme drøftingar for å avklare meldeplikta, bør då alltid finne stad.

Definisjon på vald

All vald er kjenneteikna av at den påfører skade eller smerte, samt at den vert nytta til å skremme eller krenke andre. Vald er mange typar handlingar der føremålet er å styre eller tvinge andre. Vi brukar Per Isdahl sin definisjon av vald:

«Vold er enhver handling rettet mot en annen person som ved at denne handlingen skader, smerter, skremmer eller krenker, får den personen til å gjøre noe mot sin vilje eller å slutte å gjøre som den vil»

Omgrepet *nære relasjoner* bør og definerast. I den nasjonale handlingsplanen *Et liv utan vold* vert det definert ved at utøvar av valden og offeret for valden har ein nær relasjon, som noverande eller tidlegare kjæraste, sambuar eller ektefelle. Det kan også vere søskjen, foreldre, besteforeldre, eller andre nære slektingar. Vidare i planen står det: «*Enhver voldsutøvelse er en krenkelse av dem som*

rammes, men forholdet mellom utsatt og gjerningspersonen er av stor betydning for hvordan volden oppleves. Smerten over å bli utsatt for et overgrep fra nærmilende person kommer i tillegg til selve volden.»

Valden vert ofte utført i heimen der ein forventar å vere trygg. Valden treng ikkje å skje dagleg, men det opplevast slik fordi redselen for vald alltid er til stades. Det kan vere ei påkjenning å alltid måtte vere «i beredskap», ein strategi kan vere å undertrykke eigne signal og reaksjonar på fare. Det kan føre til at ein etter kvart vert oppfatta som likegylig og distansert. Når barn går konstant i beredskap kan det føre til endringar i korleis hjernen fungerer. Når vald eller frykt for vald vert ein del av kvardagen kan det verte vanskeleg å forstå kva som er «normalt» og kva som ikkje er det.

Ein stor del av ungdommane sine liv går føre seg på digitale og sosiale mediar, difor vert dette og arenaer der seksuell krenking og mobbing går føre seg. Krenkingane når barn og unge på arenaer der dei skal vere like trygge som heime, bak lukka dører på jente- og gutterommet, kva tid som helst på døgnet. Difor inkluderer Årdal kommune sin handlingsplan også denne forma for vald.

Ulike former for vald

Vald har mange ulike former og uttrykk. Det er ofte glidande overgangar mellom desse uttrykka for vald. Det er viktig å vere klar over at psykisk vald og frykt kan vere like skadeleg som fysisk vald, og at å vere vitne til vald også er å vere utsett for vald. Utøver ein vald ved t.d å skremme partnaren sin med sinnset sitt, eller er dei som eigentleg står meg nærest redd meg? Om ein er utsett for vald er det vanleg å vere i tvil om ein faktisk vert utsett for vald frå sine næreste, eller om det er «noko gale» med ein sjølv.

Digital vald

De er krenkande meldingar, kommentarar og biletar som vert retta mot enkeltpersonar, grupper av personar og som vert publiserte i full offentlegheit. Internett og mobiltenester er effektive arenaer for å spreie tekst, biletar og filmar, og har difor og blitt arener for trakassering, krenking, truslar, utpressing og overgrep. Det er raskt, det er enkelt og avsendar kan vere anonym og/eller bruke falsk profil. Meldingar, kommentarar og biletar kan rettast til enkeltpersonar, grupper av personar eller vert publiserte i full offentlegheit. Tekst og biletar som er publisert på nettet, kan vere svært vanskeleg å få sletta heilt. Det kan vere svært belastande for den det gjeld.

Fysisk vald

Er handlingar som skadar eller smertar direkte på kroppen. Det er alt frå å halde nokon fast eller gje ein fik i øyra, sparke, slå, klype, bite, dytte. Lutte, ta kvelartak m.m., til åttak på ulike ting, bruk av våpen, brennemerking, tortur og drap.

Psykisk vald

Verkar gjennom å skremme, audmjuke, kontrollere og isolere. Det omfattar handlingar som å skjelle ut, gjentakande sårande kritikk, utstrekta bruk av kontroll over andre, direkte og indirekte truslar, forhøyr, overvaking, latterleggjering, kjefting og nedsettande ytringar (verbal vald).

I parforhold og familiar kan ein seie ting som ein angrar på. Det vert definert som psykisk vald når det skjer gjentekne gongar, utan omsyn til andre sine kjensler.

Latent vald

Er trusselen om vald, dersom den utsette ikkje gjer som valdsutøvaren ønskjer. Valden «ligg i lufta». Den som er utsett kan merke dette svært godt, medan det kan vere vanskeleg å få auge på for andre, fordi valden handlar om tidlegare valdshistorie, som utanforståande ikkje kjenner.

Materiell vald

Knuse ting. Slå i veggan eller i bordet, kaste mat eller liknande, øydelegge andre sine personlege eigendelar- alt dette er materiell vald, fordi det er skremmande å sjå eit anna menneske øydelegge ting i sinne, og fordi det kan hende at ein øydelegg noko som er av verdi for andre, og slik sårer/krenker/skremmer den andre.

Seksuelle overgrep mot barn

Seksuelle overgrep mot barn er tilhøve der barn og ungdom vert dregne med på seksuelle handlingar som dei ikkje er modne for, samtykkjer til eller forstår. Overgriparen utnyttar barnet sin avhengigheit eller eigen posisjon.

Overgrepa bryt med sosiale tabu i familie og sosialt miljø og er ulovleg. Incest vert definert som seksuelle tilhøve mellom nære familiemedlemmer, eller mellom ein voksen i ei foreldrerolle og eit barn. Seksuelle overgrep omfattar seksuell krenkande åtferd, seksuell handling og seksuell omgang,

Seksuell vald

Inneber valdtekter og seksuelle overgrep, men og andre krenkande eller nedverdigande seksuelle handlingar, eller måtar å vere vitne til dei. Seksuell vald kan vere at ein blir pressa til å ha sex, ha sex på måtar som ein ikkje vil, ubehagelege seksuelle kommentarar eller kroppsspråk.

Seksuell trakassering

Er eit samleomgrep på åtferd som kan kjenneteiknast av to trekk:

1. Spelar på kjønn, kropp og seksualitet. Det er dette trekket som skil seksuell trakassering frå anna type mobbing
2. Kjennest ubehageleg, nedverdigande eller truande. Det er dette som skil seksuell trakassering frå til dømes flørting, som og spelar på kjønn, kropp og seksualitet. Flørting er gøy og hyggeleg for begge partar. Seksuell trakkassering er ubehageleg for minst ein av partane.

Vald i kjæresteforhold

Følgjer ofte mønsteret av ein sirkel der det etter ein valdssituasjon kjem ein god periode/repareringsfase før ny spenningsoppbygging leier fram til ny valdsepisode.

Tida mellom kvar valdsepisode kan variere, og episodane vert gjerne hyppigare etter kvart som tida går. Det som er viktig, er at den som vert utsett for avld, er klar over og kjenner igjen den sirkelen. Mange opplever å få sterkt håp i repareringsfasen, og vert difor ofte overraska når dei vert utsette for vald igjen. Ved hjelp av denne sirkelen kan den som er i eit valdeleg parforhold betre forstå kva som skjer.

Æresrelatert vald

Er vald som er utløyst av behovet for å ivareta eller gjenoppta æra innanfor ein familie eller ei gruppe. Kulturelle moment som ære, krav om lydighet og dydigheit, patriarki og kollektivisme er sentrale årsakar. Kjønslemllesting og tvangsekteskap er alvorlege døme på slik vald. Valden er ofte strukturell og kan omhandle ulike former for sosial utstøyting, isolering, spreiling av rykter og stigmatisering.

Sosial kontroll

Er ulike former for oppsyn, press, truslar og tvang for å sikre at enkeltpersonar lever i samsvar med familien eller gruppa sine normer. Det er vanleg at foreldre set grenser for barna sine som ein del av oppdragninga, men nokon gonger vert det sett heilt urimelege avgrensingar som kan bryte med den

einskilde sine rettar med omsyn til mellom anna barnekonvensjonen og norsk lov. Det kan handle om val av venner, kjæraste, seksualliv, identitet av kjønn eller seksuell orientering. I nokon tilfelle er valden ein systematisert del av oppdraginga. Sosial kontroll kan ramme barn som har bakgrunn frå andre land, men kan også ramme til dømes etnisk norske unge som veks opp i lukka trusamfunn.

Strukturell vald

Omhandlar ulike former for sosial utstøyting, isolering, spreiling av rykter og stigmatisering. I følgje Johan Galtung er strukturell vald ei form for vald der sosiale strukturar eller sosiale institusjonar skadar menneske ved å hindre at deira grunnleggjande behov vert oppfyllt.

Økonomisk vald

Er kontroll over økonomien til den som vert utsett for vald, eller truslar og tvang i økonomiske spørsmål. Konsekvensen er ofte økonomisk avhengigheit og kjensle av å føle seg underdanig.

Menneskehandel

Er ei form for slaveri der ein person vert behandla som ein eigedom ein kan utnytte til kva ein vil, ofte prostitusjon, tigging, kriminalitet eller tvangsarbeid. Den som er utsett for menneskehandel er i ein sårbar situasjon og har lite høve til å komme seg ut av situasjonen.

Dette veit vi om omfanget av vald i nære relasjoner

Nasjonalt kunnskapssenter for vald og traumatiske stress sin studie av omfang (forekomststudien NKVTS 2014) konkluderer mellom anna med at vald og seksuelle overgrep førekjem relativt ofte i Norge, og er klart assosiert med plager knytt til den psykiske helsa. Dei skriv vidare at vald og overgrep er eit alvorleg folkehelseproblem.

« Når man mister tryggheten i eget hjem, mister man ofte det viktigste fotfestet i livet».
Martine Aurdal.

Ulike undersøkingar av omfang som er gjennomført dei siste åra viser at om lag mellom 75 000 og 150 000 personar årleg vert utsett for vald i nære relasjoner. Tal personar som vert utsett for vald i nære relasjoner, er av eit slikt omfang at det er definert som eit samfunnsproblem i Norge.

Kostnadene vert rekna til om lag 4 – 6 milliardar kroner i året.

- 21 % av alle barn vert utsett for midre alvorleg vald av sine foreldre og 6 % av ungdom i Noreg oppgir å ha opplevd alvorleg fysisk vald frå minst ein forelder i løpet av oppveksten.
- I Noreg har mellom 56 500 og 76 000 heimebuande personar vore utsett for vald eller overgrep etter at dei fylte 65 år. Eldre som er utsette for vald tek i liten grad kontakt med tenesteapparatet for å få hjelpe.
- Drap av partnar utgjer ein fjerde del av alle drap i Noreg. Ein gjennomgang av 177 saker på drap av partnar viser at sju av ti av dei som er blitt drepte av partnaren sin, har vore utsett for vald frå partnar før drapet. I fem av ti drap på partnar var det registrert fem eller fleire episodar
- Ein reknar med at berre 25 prosent av den valden som kvinner vert utsett for av nærstående, vert meldt til politiet («Et liv utan vold», s. 6)

Krisesenteret i Sogn og Fjordane (Flora) sine tal seier noko om omfanget av vald i Sogn og Fjordane.

Krisesenteret i Sogn og Fjordane	Bebuarar frå Sogn i perioden 2012 – 2018 (kvinner, barn og menn)
Årdal	13
Sogndal	51
Lærdal	11
Aurland	7
Vik	12
Luster	22
Leikanger	15
Balestrand	13
Høyanger	19

Konsekvensar av vald

Fleire undersøkingar, mellom anna NKVTS sin studie samanliknar funn frå andre liknande studiar i Noreg og i utlandet. Her går det fram at menneske som er utsett for vald og overgrep er meir utsette for psykiske vanskar, somatiske plagar, suicidalitet, overvekt, tidleg død og bruk av medikament. I den nasjonale handlingsplanen vert det trekt fram at vald kan ha store økonomiske konsekvensar for den som vert utsett. Dette i form av at det i negativ grad påverkar høve til deltaking i studiar og arbeidsliv.

Barn som er vitne til vald vert direkte påverka, og å vere vitne til vald er minst like skadeleg som å verte utsett for direkte vald. Dette syner kor viktig det er med systemtisk førebyggjande arbeid for å hindre at gravide, barn, unge og vaksne vert utsette for vald.

Alt det ovannemnde kan vi på samfunnsnivå knytte til utgifter både i sosial- og trygdeytingar, i tillegg kostnader knytta til dei støtte- og behandlingstilboda som dei valdsutsette har behov for. Ved å førebyggje og unngå vald sørger vi for at livskvaliteten til innbyggjarane aukar, vi reduserer kostnadene samfunnet har og betrar statistikken for levekår.

Sårbare grupper

Alle som lever i vald er ei sårbar gruppe. Menneske som lever i relasjonar der det vert utøvd vald, opplever ofte å vere tappa for nødvendig energi og ressursar som krevst for å søkje hjelp og bryte ut av relasjonen. I samfunnet vert ofte innbyggjarane delt inn i barn, vaksne og eldre, og det er alle desse planen skal gjelde for. Mellom desse finn vi menneske som på grunn av alder, funksjon eller andre sosiale tilhøve er særleg sårbare. Desse gruppene har vi skildra kort, då det er grupper vi bør vere særleg merksame på. Det å vere sårbar handlar ikkje berre om å vere sårbar med omsyn å vere utsett for sjølve valden, men også å vere i ein ein særleg sårbar situasjon, eller å ikkje verta tilstrekkeleg fanga opp av hjelpeapparatet.

Barn

Barn kan verte utsette for vald som eit ledd i oppdraginga, ulike grader av omsorgssvikt kan og definerast som vald. I tillegg er det like skadeleg for eit barn å vera vitne til vald, som sjølv å verte utsett for valden. At barnet er vitne til vald mellom foreldre/føresette/partnar vert og rekna som å utsette barnet for vald.

Å verte utsett for vald som barn har alvorlege konsekvensar for oppveksten. NKVTS si forsking viser og at det å verte utsett for vald som barn aukar risikoien for å verte utsett for vald i vaksen alder. NOU rapporten *Svik og svikt* (2017) viser at samarbeidet og samhandlinga kring barn som vert utsett for vald ikkje er tilstrekkeleg.

Ungdom

Seksuell krenking blant ungdom er svært utbreitt, og krenkingane er grove. Ungdom krenkar grensene til kvarandre, og dei vert utsette for krenkingar frå vaksne maktpersonar. Ein rapport frå Barneombodet syner at ungdommar veit for lite om kva som er lovleg, og dei forstår i for liten grad konsekvensane av det som skjer.

Det er vanleg at foreldre sett grenser for barna sine som ein del av oppdraginga, men nokon gonger vert det sett heilt urimelege grenser. Negativ sosial kontroll kan handla om konfliktar som handlar om val av vene, kjærestar, seksualliv, kjønnsidentitet eller seksuell orientering. Felles for alle barn som vert utsett for negativ sosial kontroll, uavhengig av kjønn og sosial bakgrunn, er at det handlar om avgrensa fridom som bryt med dei rettane barn og unge har, samt at det bryt med norsk lov. Det finst ikkje forsking som seier noko om omfanget av negativ sosial kontroll.

Eldre

NKVTS sin studie om vald og overgrep mot eldre i Noreg (2017) viser at tal for vald og overgrep mot heimebuande personar etter at dei har fylt 65 år, er nesten tilsvarande lik prosentdelen for befolkninga generelt, med ingen signifikante skilnader mellom kjønna.

Rapporten konkluderer med at eldre som er utsette for vald, sjeldan tek kontakt med hjelpeapparatet. Vald mot den eldre delen av befolkninga er eit usynleg samfunnsproblem.

Menneske i aktiv rus

Rusmiljøet har ein auka risiko for vald, og halvparten av alle drap i Norge vert utført av rusa personar. Rapporten *Kan dem takke seg selv?*, viser at valden ofte skjer i ein nær relasjon der den rusavhengige vert utsett for vald av den som har tilgang til rusmiddel. Det gjer det og vanskelegare for den rusavhengige å bryte relasjonen. Denne gruppa menneske møter ofte fordommar i samfunnet, dessverre og frå hjelpeapparatet.

Det er viktig å vere merksam på pårørande til menneske i aktiv rus. Dei vert ofte utsette for vald av den rusmiddelavhengige.

Innvandrarar

Mange innvandrarar innrettar seg etter det norske samfunnet sine reglar og verdiar når dei kjem til Noreg. Nokon jenter og gutter veks derimot opp i Noreg utan høve til sjølv å kunne bestemme over sitt eige liv, sin eigen kropp eller kven dei skal gifta seg med. I nokon samfunn vert kvinner sett på som underlegne menneske og dei vert utsette for vald, overgrep og sosial kontroll, dette les vi i *Handlingsplanen Retten til å bestemme over eget liv*.

Innvandrarar som gifter seg med nordmenn er og ei sårbar gruppe. For desse menneska kan mangel på språk, sosialt nettverk og kunnskap om rettar gjere det ekstra vanskeleg å komme seg ut av valden.

Personar med funksjonsnedsetting

I *Mellom frihet og beskyttelse*, vert det trekt fram at menneske med psykisk utviklingshemming vert utsette for minst like mykje vald som resten av befolkninga. I denne gruppa er vald å rekne som eit

samfunnsproblem. Rapporten viser at mesteparten av denne valden vert utøvd av andre enn familiemedlemmer. Personar som over tid er fysisk nær og difor over tid har ein nærlasjonsrelasjon til offeret. Det kan vera naboar og vene, eller offentlege tenesteytarar i helse- og omsorgstenester.

Under omgrepene funksjonsnedsetting, vert det og rekna menneske med fysiske funksjonsnedsetting. Ei fysiske funksjonsnedsetting kan i tilfelle hindre den utsette frå både å beskytte seg og oppsøkje hjelp.

Oversikt over hjelpetilbod i Årdal og i Sogn og Fjordane (Vestland)

Nedanfor følgjer ei oversikt over tilbod både frå kommunen og andre instansar i regionen vår.

Alarmtelefonen for barn og unge

Telefon 116 111

Alarmtelefonen er ein del av landet sitt kommunale barnevern. Den er bemanna frå kl. 15:00 til 08:00 kvar dag og på heilagdagar og i helgar. Alarmtelefonen skal ta seg av telefonar, SMSar og e-post. Problemområda er ulike former for vald, overgrep eller omsorgssvikt. Samarbeid med politiet er viktig.

Barnevernstenesta i Årdal - vakttelefon

Vakttelefon for barnevernstenestene i Årdal, Aurland og Lærdal kommune – 90 21 34 81

Barnevernet vil gjerne hjelpe til tidleg, før det blir akutt, slik at vi unngår vondesituasjoner for barn og familiær. Ofte er det best at barn får vekse opp i sin eigen heim. Barnevernet skal difor først vurdere om det er mogleg å hjelpe mor eller far og hjelpe familien til å fungere betre. Er du bekymra for eit barn eller ein ungdom, skal du ta kontakt med barnevernet. Barn og unge kan sjølv ta kontakt.

Barn som pårørande

Årdal kommune har rutinar for korleis tilsette i kommunen skal gå fram i situasjoner der barn er pårørande. Vi har utarbeidd plan for barn som pårørande. Det er mange årsaker til at eit barn er pårørade eller at kvardagen er vanskeleg. Å vere vitne til vald kan vere ein slik årsak.

Betre tverrfagleg innsats (BTI)

Det skal vere låg terskel for å sikre oppfølging av barn som treng det. Betre tverrfagleg innsats er ein samhandlingsmodell som kommunen jobbar etter.

Familievernkontoret

Driv foreldrerettleiing og tilbyr rådgjeving til familiær.

Konsultasjonsteamet

Telefon konsultasjonsteam/ fagteam Bufetat: 46 61 91 27

Konsultasjonsteamet er eit tilbod til dei som arbeider med barn. Representantar frå barnevern, skular, barnehagar, PPT, helsestasjon, fastlegar og andre kan drøfte si bekymring for om eit barn kan ha vore utsett for overgrep og få råd om korleis ein skal gå vidare i saka.

[Støttesenteret mot seksuelle overgrep \(SMISO\)](#)

Telefon: 181 115

SMISO gir tilbod til alle som har opplevd incest eller seksuelle overgrep, partnarar og pårørande til overgrevsutsette, samt offentleg hjelpeapparat, skule og andre som har behov for rådgjeving og informasjon om seksuelle overgrep.

[Statens Barnehus Bergen \(Førde\)](#)

Telefon: 55 55 69 00

Barnehuset ligg i Bergen og er eit tilbod til barn og ungdom som kan ha vore utsette for, eller har vore vitne til vald eller seksuelle overgrep, der det ligg føre anmelding til politiet. Tilboden er og til vaksne med ei psykisk utviklingshemming. Statens Barnehus gir og råd og rettleiing til privatpersonar og offentlege instansar i anonyme saker som er uavklarte.

[Pensionistforbundet](#)

Telefon - 948 56 004

Bekymringstelefon for eldre

[Reform ressurssenter for menn](#)

Telefon - 22 34 09 60

Mannstelefonane er landet si eldste telefonteneste spesielt retta mot menn. Telefonen tek i mot førespurnader frå menn som slit.

[Vern for eldre](#)

Telefon 800 30 196

Nasjonal kontakttelefon

[Krisesenteret i Sogn og Fjordane](#)

Telefon: 57 74 56 00 (døgnvakt)

Krisesenteret ligg i Florø og skal hjelpe kvinner som er utsette for vald eller mishandling. Dei skal og drive haldningsskapande arbeid.

[Førebyggjande politiarbeid](#)

Telefon 02800

Politiet driv førebyggjande arbeid og rettleiar. Ta kontakt med Sogn og Fjordane politidistrikt.

[Kompetanseteamet mot tvangsekteskap, kjønslemlesting og negativ sosial kontroll](#)

Telefon – 47 80 90 50

Kompetansesenteret er eit nasjonalt tverrfagleg fagteam som rettleiar hjelpeapparatet i konkrete saker som vedkjem tvangsekteskap, kjønslemlesting eller andre former for æresrelatert vald.

[Stine Sofies Stiftelse](#)

Telefon 37 29 40 90

Stine Sofies Stiftelse tilbyr undervisning og føredrag for barn frå førskulealder, foreldre og fagpersonar. Barna skal vita kva som er lov og kva som ikkje er lov, og alle vaksne skal torna å snakka med barn om vald og overgrep – og melde frå dersom ein er bekymra for eit barn.

Våg å sjå – våg å spørja!

Kwart einskild individ har ulike måtar å reagera på og vil i ulik grad klare å skjula symptom og den valden dei vert utsett for. Vald førekjem som vi har skrive, i mange ulike former. Psykisk og latent vald, kan vere om lag umogleg å sjå. Om du vågar å spørje, så vågar ofte folk å svare. Det er erfaringane frå politiet og hjelpeapparatet. Vi presiserer at punkta under ikkje er eit fasitsvar eller ei skildring av kvar einskild som opplever vald i nære relasjonar.

Generelle teikn på vald

- Sår og blåmerke, brann- og kuttskadar, gjerne fleire stadar på kroppen
- Omfanget av skaden stemmer ikkje med informasjonen om kva som er skjedd
- Ingen ulykke eller hending som kan gi slik skade som er oppgitt
- Oppgitt hending eller skade på barn passar ikkje med barnet sitt utviklingsnivå
- Endring av forklaring eller ulik forklaring på skade frå ulike personar
- Avtalar vert ofte endra
- Partnar er ofte med på avtalar
- Personen eller familien ønskjer ikkje hjelp som krev innsyn i familien
- Hyppige legebesøk/innleggningar på sjukehus med diffuse symptom
- Reaksjonar ved berøring
- Sosial tilbaketrekking, isolasjon
- Låg sjølvtillit, klandrar seg sjølv, skuldkjensle
- Endring i sinnstemning, oftare trist, nummenheit, auka irritasjon og sinne
- Angst, frykt og depresjon
- Konsentrasjonsvanskar og vanskars med å hugse
- Sein utvikling psykisk og fysisk (barn)
- Søvn- og etevanskars
- Sjølvskading
- Bruk av rusmiddel
- Problem i samspelet med omgjevnaden
- Einsemde, kjensle av å vere heilt åleine

Teikn på omsorgssvikt/vanskjøtting (barn, eldre, personar med funksjonsnedsetting)

- Prega av dårleg stell og pleie
- Ueigna påkledning
- Dårleg tannstatus
- Dårleg, manglende eller feil ernæring
- Manglende medisinsk oppfølging
- Manglende tilsyn som resulterer i skadar
- Omsorgspersonar med utfordring knytt til rus
- Lite emosjonelt tilgjengelege foreldre/pårørande

Barn som er utsett for seksuelle overgrep

- Endringar i åtferd eller sinnstemning
- Seksualisert åtferd
- Utagerande eller «pleasande åtferd»
- Sårheit, smerter i underliv
- Gjentekne urinvegsinfeksjonar, utflod, blod
- Angst, sinne
- Konsentrasjonsvanskar
- Psykosomatiske plagar
- Ein kan sjå fysiske teikn, men i dei fleste tilfelle etterlet ikkje seksuelle overgrep fysiske spor eller endringar

Ha mot til å handla!

Privatpersonar

Til deg som er vaksen

Har du mistanke om at menneske vert utsett for vold eller seksuelle overgrep, eller er vitne til det? Ta bekymringa på alvor!

Rådfør deg med fagfolk:

- Barnevernstenesta i Årdal - 99 08 04 62
- Vakttelefon for barnevernstenestene i Årdal, Aurland og Lærdal kommune – 90 21 34 81
- Politiet - 02800
- Krisesenteret i Sogn og Fjordane - 57 74 36 00

Nettsida vi tilrår: dinutvei.no

Til deg som er barn /ungdom:

Har du mistanke om at ein ven eller ein medelev vert utsett for vold eller seksuelle overgrep, eller er vitne til det. Ta bekymringa på alvor!

Ta kontakt med ein vaksen du stolar på, til dømes ein lærar eller helsejukepleiar, eller ring heile døgnet til:

- Vakttelefonen for barnevernstenestene i Årdal, Aurland og Lærdal – 90 21 34 81
- Politiet - 02800
- Alarmtelefonen for barn og unge - 116 111

Nettsida vi tilrår: ung.no/vold/

Du kan drøfte bekymringa di anonymt! Som privatperson er du ikkje bunden av same regelverket som ein offentleg tilsett. Men avvergeplikta er lik for alle.

Tilsette

Alle i Årdal kommune er personleg ansvarleg for å melde frå til politiet og/eller barnevern ved mistanke/bekymring om at eit barn eller ein ungdom er utsett for vold eller seksuelle overgrep.

Drøft bekymringa med kollegaer eller med leiari.

Kontakt for råd og rettleiing:

- Barnevernet i Årdal – 99 08 04 62
- Politiet - 02 800
- Konsulasjonsteamet/ fagteamet, kontaktperson – 46 61 91 27
- Statens Barnehus Bergen (Førde) – 55 55 69 00

Ved mistanke om vold /seksuelle overgrep som er utøvd av foreldre/omsorgspersonar skal dei ikkje informerast om at meldinga vert sendt til barnevernstenesta.

Det er viktig å ta omsyn til sikkerheita til barna. Ved å informere foreldre om mistanken vår, kan vi risikere at vi utløyser ny eller alvorlegare vold mot barnet, og vi kan risikere at barnet vert instruert til å ikkje fortelje noko til oss i hjelpeapparatet.

Det er barnevernet eller politiet som vurderer om og når omsorgspersonar skal informerast.

Har du mistanke eller er du bekymra for at ein vaksen/eldre vert utsett for vald og/eller overgrep?

Drøft bekymringa med kollegaer eller med leiaren din.

Kontakt for råd og rettleiing:

- Politiet - 02800
- Familievernkontoret – 46 61 92 80 (tasteval 2)
- Krisesenteret i Sogn og Fjordane - 57 74 36 00
- Vern for eldre - 80 03 01 96

Handlingsrettleiarar

Det er laga to handlingsrettleiarar til denne handlingsplanen, som skal fungere som arbeidsverktøy og rettleiar der det er mistanke om vald i nære relasjonar – ein omhandlar vaksne og ein omhandlar barn.

Handlingsrettleiaren er utforma stevvis, der vi startar på kva vi **ser**, går vidare til korleis vi **spør** om vald og korleis vi **avklarar** det som vert fortalt. Etter avklaring kjem **handling**, her er det lista opp konkrete tiltak som må setjast i verk, og med fokus på saker av akutt grad (handling må skje straks), og kontaktinformasjonen til dei ulike instansane som skal kontaktast.

Kvar situasjon vil opplevast ulikt. Og handlingsrettleiaren er meint som ein rettleiar for korleis vi går fram ved mistanke om vald i nære relasjonar. Det viktigaste du som offentleg tilsett, kollega eller ven kan gjere, er å **våge å sjå, tote å spørje og ha mot til å handle**. Vis at du bryr deg, at du har tid til samtaLEN og at du ønskjer å hjelpe.

Handlingsrettleiaren følgjer på dei neste sidene. Dei er trykt opp i A4 – format og ein kan få dei ved å vende seg til Tenestetorget på rådhuset i Årdal kommune. Du vil også finne eit utskriftsvenleg PDF – format (A4) på kommunen si nettside.

Handlingsrettleiar Vaksne

1 Sjå

Ver merksam:

- Sår og blåmerker
- Brann- og kuttskadar
- Sjølvskading
- Konsentrasjonsvansk
- Magevonde, hovudverk, svimmelheit
- Søvn- og etevansk
- Uro, irritabilitet og svingange
humør/fungering
- Unnvikande åtferd
- Nedstemtheit, isoloasjon
- Endrar ofte avtalar
- Partnaren er ofte med på avtalar
- Personen motsetter seg hjelp som krevjer innsyn i familien
- Hyppige legebesök med diffuse symptomar/årsakar
- Reaksjonar på berøring
- Reaksjonar på høge lydar og særlege stemingar
- Bruk av rusmidlar/legemidlar

Vald kan ha mange ansikt – det kan vere fysisk, psykisk, seksuell, kontroll eller handle om omsorgssvikt. Det kan og handle om frykt for ny vald eller at ting skal bli øydelagt. **Følg intuisjonen din og bry deg!**

Vald og overgrep kan skje i alle slags familiar, uavhengig av sosial bakgrunn.

Våg å sjå bak fasaden – og spør!

Hugs: Å vere vitne til vald har like alvorleg effekt på born som å sjølv bli utsett for vald, og slike saker skal handterast på akkuratt same måte (vald imellom vaksne, vald mot søsken m.m.).
Spør om personen har born!

2 Spør

Prøv å skape ein situasjon med trygge råmer, slik at du kan få til ein dialog med vedkommande. Målsettinga med samtalen er at dei erkjenner at valden finn stad. Våg å spørje og ikkje ver redd for å trø feil – å bry seg om andre er alltid riktig!

Begynn gjerne med å skildre det du ser/opplever:

- *Eg har lagt merke til at du er ofte vekke frå jobb...*
- *Du verkar trøytt, sint, sletten, lei deg...*
- *Du har blåmerke på armen ...*

Hald gjerne fram med:

- *Korleis har du det heime?*
- *Det er kanskje ikkje slik for deg, men min erfaring er at mange som ikkje har det så greitt heime, kan få slike plager som du. Kva tenkjer du om det?*

Tips til samtalen:

- Prøv å unngå å bruke ordet vald innleiingsvis i samtalen
- Still opne og ikkje leiande spørsmål
- Gjenta nøkkelord av det som blir sagt: *personen gjorde/sa det, du gjorde/sa det*
- Bruk gjerne støtteord som *hmm, åja, fortell, fortell meir om det, kva skjedde så.*
- Følg opp situasjonskildringane – *korleis opplevde du det, korleis var det for deg m.m.*
- Unngå å gje uttrykk for eigne reaksjonar og vurderingar – *oj så forferdeleg, nei så gale m.m.*
- Skriv ned det som blir sagt i samtalen. Dokumentasjon er viktig. Lat den valdsutsette sjølv skrive ned hendingar, tidspunkt og stader om det er mogleg.

3 Avklar

Vis varsomheit, og lat den valdsutsette få fortelje så fritt som mogleg. Når du stiller sprøsmål, ver konkret i høve hendingsforlaup:

Korleis artar valden seg?

- Slag, spark, lugging, sputting, brannskade
- Seksuell tvang, valdtekst
- Truslar og kontroll
- Audmjuking og latterleggjering
- Manglande råderett over eigne pengar

- Manglande råderett over eigen heim
- Vert nekta kontakt med vener og familie
- Ting som vedkommande er glad i vert øydelagde
- Kjæledyr vert mishandla
- Negativ sosial kontroll
- Tvangsekteskap, kjønnslemlestelse

Kor alvorleg er valden?

- Beskriv det som skjedde.
- Kor mange gonger har det skjedd?
- Når skjedde det siste gong?
- Er du redd for kva som kan skje neste gong?
- Er det fare for liv og helse for deg eller borna dine?
- Kva er det verste som kan skje?
- Har du tidlegare hatt kontakt med politi, krisesenter eller andre i hjelpeapparatet?

Risikofaktorar:

Samlivsbrot, tidlegare valdsepisodar, tilgong på våpen, arbeidsløyse, økonomiske vanskar, sjukdom, psykisk utviklingshemming og rusavhengingheit, kan bety auka risiko for grov vald og partnerdrap. Politi og krisesenter bør kontakast. Dersom det er born i familién må barnevernstenesta kontaktast.

Akutte situasjonar – fare for liv og helse:

Alle som arbeidar med born og vaksne, har ansvar for å vera merksame på forhald som kan vere til skade for andre.

- Ved fysiske skadar
- Ved symptom på psykisk vald
- Ved alvorlege truslar
- Ved mistanke om seksuell tvang
- Ved mistanke om nært foreståande eller gjennomført kjønnslemlesting eller tvansekteskap

Når du får informasjon om alvorlege truslar eller fysiske skadar etter vald og overgrep, har du **avvergeplikt**.

Avvergeplikta inntrer ved straffbare

forhald og er eit personelg ansvar, og utan hinder av teieplikta.

For nokon valdsutsette kan det å fortelje om vald og overgrep vere direkte farleg – valdsutøveren sine rekasjonar kan vere så kraftige at den valdsutsette må ha akutt hjelp og beskyttelse. Forklar den valdsutsatte om ditt ansvar, og kva som skal skje vidare. Oppleving av å ha oversikt er viktig i denne fasen.

- **Ring politiet 02800 for å forhindre akutte overgrep og farlege situasjonar.** Fortell kva du har sett, høyrt og kvifor du er redd for ny valdssituasjonar og overgrep.
- Den valdsutsette sjølv kan anmelde forhalda, eller politiet kan ta ut offentleg påtale.
- Ved mistanke om valdtek – ta kontakt med overgrepsmottaket på Førde sentralsjukehus, for undersøking og sporsikring. Unngå kroppsvask før undersøkinga.
- Ta kontakt med barnevernstenesta for bekymringsmelding same dag, dersom det er born i familien.
- Tilby den valdsutsatte kontaktetablering med Krisesenteret i Sogn og Fjordane.

4 Handle

Kva gjer du?

Når den valdsutsatte har fortalt om livssituasjonen sin, er målet å motivere dei til å ta kontakte og ta i mot hjelp frå hjelpeapparatet.

Anonyme drøftingar:

- Er du usikker på kva du skal gjere, kan du drøfte saka anonymt med politiet eller krisesenter. Ring og avtale ein samtale med fagpersonar.
- I familiar der du har kjennskap til at det er born, kan du ta kontakt med barnevernsrenesta for ei anonym drøfting.

Informasjon om hjelpetilbod:

- Hjelp den valdsutsette med å finne informasjon om hjelpeapparatet – lokalt i kommunen og andre.
- Har arbeidsplassen din skriftlege brosjyrer om temaet – sjå på dette saman. Søk opp kontaktinformasjon m.m på nettet.
- Dersom den valdsutsette har behov for det, hjelp til med å laga avtalar med andre og bli med.

Born i familien – har dei vore vitne til eller utsett for vald?

- Ta kontakt med barnevernstenesta snarast. Dei har døgnåpen vakttelefon på nummer 90 21 34 81 for akutte henvendingar.
- I ikkje-akutte saker kan ein nytte seg av meldingsskjema, som ligg på kommunen sine heimesider, eller ta direkte kontakt.

Rettleiingssamtale på familievernkontoret eller krisenteret.
Inviter den valdsutsette til å få ein avtale med familievernkontoret eller krisenteret.
Fagpersonar kan hjelpe til med å få

oversikt over situasjonen og vurdere tryggleiken til den det gjelder.
Kriesentera har særleg erfaring med å trygge og hjelpe valdsutsatte i vanskeleg situasjoner. Dei kan gje råd om korleis kome seg ut av vanskelege og skadelege relasjonar, og rettleiing på korleis gå fram for å stoppe valden og vegen vidare. Det er ikkje i alle situasjonar at den valdsutsette opplever at å melde forholdet til politiet er det riktige.

Ikkje alle valdsutsette treng å bu på kriesenter. Valdsutsette kan få jamleg oppfølging og rettleiing i vanskelege fasar, og korleis ein går fram kan endrast undervegs.

Døgnopne vakttelefonar – akutt:

Politiet – 02800
Kriesenteret i Sogn og Fjordane – 57 74 36 00
Overgrepsmottaket i Sogn i Fjordane – 57 83 23 00
Legevakta i Årdal kommune (15.00 – 08.30) – 116 117
Vakttelefon for barnevernstenestene i Årdal, Aurland og Lærdal kommune – 90 21 34 81

Samtale, råd og rettleiing på dagtid:

Familievernkontoret – 46 61 92 80 (tasteval 2)
Kriesenteret i Sogn og Fjordane – 57 74 36 00
Legevakta i Årdal kommune dagtid – 57 66 53 90
Barneværnsleiar Anne F. Larsen – 99 08 04 62
Kompetanseteamet mot tvangsekteskap og kjønnslemlestelse – 47 80 90 50

Handlingsrettleiar barn

1 Sjå

Ver merksam:

- Blåmerker, brann- og kuttskader
- Søvn og etevanskar
- Konsentrationsvanskar
- Magevonde, hovudverk, svimmelheit
- Uro og irritabilitet
- Tilbaketrekkning og nedstemt/trist
- Utagerande åtferd (fysisk/verbalt)
- Pleasande åtferd – overtilpassing
- Reaksjonar på berøring
- Sjølvskading
- Dårleg tannhelse
- Bruk av rusmidlar (unge/vaksne)
- Seksualisert årtferd og/eller språk
- Tilbakevendane urivegsinfeksjonar, utflo, blod
- Sårhet, smerter i underliv
- Hyppige legebesök/innleggningar på sjukehus (diffuse symptom)
- Familien motsetter seg innsyn i familien
- Familien motsetter seg kontakta med øvrige hjelpeinstansar

Vald kan ha mange ansikt – det kan vere fysisk, psykisk, seksuell, kontroll eller handle om omsorgssvikt. Det kan og handle om frykt for ny vald eller at ting skal bli øydelagt.

Følg intuisjonen din og bry deg!

Vald og overgrep kan skje i alle familiar, uavhengig av sosial bakgrunn. **Våg å sjå bak fasaden – og spør!**

Hugs: Å vere vitne til vald har like alvorleg effekt på born som å sjølv bli utsett for vald, og slike saker skal handterast på akkurat same måte (vald imellom vaksne, vald mot søsken m.m.).

2 Spør

Prøv å skape ein trygg situasjon slik at du kan spørje bornet om kva som har skjedd. Bruk gjerne bornet sine eigne ord, ver nysgjerrig og utforskande på det barnet seier - samsundes som du ivaretok bornet. Du treng ikkje gå inn i alle detaljar, men lat bornet fortelje seg ferdig. Det er viktig at bornet opplever at du toler å høre det dei forteller.

Begynn gjerne med å skildre det du ser/opplever:

- *Eg har lagt merke til at...*
- *Eg har tenkt på at...*
- *Du verkar trøytt, sint, lei deg...*
- *Du har blåmerke på armen ...*
- *Du har ofte vondt i magen...*

Tips til samtalen:

- Bruk gjerne gode/vonde hemmeligheitar som døme
- Gjenta det barnet seier – sikre at du har forstått det som blir fortalt
- Still opne og ikkje leiande spørsmål
- Bruk gjerne støtteord som *hmm, åja, fortell, fortell meir om det m.m*
- Forklar barnet kva som skal skje vidare og lag avtalar

Born kan brått og uventa fortelje om hendingar frå heimen og livet sitt, for eksempel i ei samlingsstund, i leikesituasjon, i garderoben, i friminuttet eller i timen. Då er det ikkje alltid det høver seg å ta tak i det bornet seier, der og då – framfor andre. Inviter heller bornet – same dag, til ein samtale i rolege omgjevnader – og ta oppatt emnet:

- *Då du sa ...tidlegare i dag, kva meinte du då? Fortell*
- *Fortell meg så godt du klarar om det du starta på...*
- *Eg har tenkt slik på det du sa tidlegare om...Fortell*

- *Nokon gonger når barn seier..., kan det vere fordi noko er vanskeleg eller rart, korleis er dette for deg?*

3 Avklar

Vis varsomheit, og lat bornet få fortelje så fritt som mogleg. *Prøv å beherske dine eigne reaksjonar så godt du klarar*, born stoppar å fortelje dersom dei opplever at dei vaksne ikkje toler å høyre det dei har å seie.

Når bornet er ferdig med si forteljing, bekrefte det bornet har fortalt og gje ros og anerkjenning – tydleggjer kor viktig og modig det er det dei har sagt.

Ikkje lov bornet at du ikkje skal sei det til nokon. Forklar at du har eit ansvar om å beskytte barn som har det vanskeleg, og må snakke med andre vaksne om det bornet har fortalt. Avtal å snakke med bornet att når du har avklart kva som skal skje.

Kva gjør du vidare?

- Skriv ned det bornet har sagt så ordrett som mogleg. Dokumentasjon er viktig.
 - Ta kontakt med barnevernstenesta og eventuelt politi omgåande. Ikkje vent til neste dag.
 - Dersom du er usikker, kan du på dette tidspunktet drøfte saka anonymt med barnevernstenesta eller politiet, og få rettleiing
 - Drøft gjerne saka med nærmeste leiari eller ein kollega, slik at de saman kan legge ein plan for kven som gjer kva (strakstiltak, bekymringsmelding til barnevernet, tilvising til hjelpeapparatet m.m)
- ❖ Varsle barnevernstenesta umiddelbart
❖ Varsle politiet samstundes, eller avklar med barnevernstenesta eventuell kontakt med politiet

kontaktast. Dette er fordi ein må vere sikre på at barnet ikkje kjem ytterlegare til skade.

Gjeld mistanken andre vaksne, avklar med barnevernstenesta og politiet om korleis ein går fram for å informere foreldre/føresette.

Akuttfasen:

Alle som arbeider med born og vaksne, har plikt til å vera merksame på forhald som kan vere skadelege for born. Offentlege tilsette i kommunen, skal utan hinder av teieplikta melde i frå til barnevernstenesta, når det er grunn til å tru at born lever under forhald som føre til tiltak etter barnevernstenestelova. **Når du har grunn til å tru at born er utsett for vald og overgrep, har du avvergeplikt og opplysningsplikt til barnevernstenesta:**

- Ved fysiske skadar
- Ved symptom på psykisk vald
- Ved alvorlege truslar
- Ved mistanke om seksuelle overgrep
- Når bornet viser redsel for å gå heim
- Når bornet blir henta av rusa foreldre
- Negativ sosial kontroll
- Ved mistanke om nært foreståande eller gjennomført kjønslemlesting eller tvansekteskap

- ❖ Varsle barnevernstenesta umiddelbart
❖ Varsle politiet samstundes, eller avklar med barnevernstenesta eventuell kontakt med politiet

Di plikt er sjølve varslinga. Du skal ikkje undersøkje heimesituasjonen eller saka nærmare. Barnevernstenesta vurderar bornet sin omsorgssituasjon og tryggleik, og set iverk naudsnyte tiltak – og politiet etterforskar eventuelle lovbrot.

NB! Ved mistanke om vald og overgrep, skal foreldre/føresette ikkje kontaktast. Barnevernstenesta, og eventuelt politi, vurderar når og på korleis måtte foreldre/føresette skal

andre vanskar i familien, kan bety auka risiko for alvorleg vald.

4 Handle

Bekymringsmelding til barnevernstenesta:

Bekymringsmelding til barnevernstenesta: Bekymringsmeldingar til barnevernstenesta kan sjå forskjellige ut. Dei kan vere skriftlege eller via telefon. Skjema for bekymringsmeldingar ligg på kommunen sine heimesider under Barnevern. Ei bekymringsmelding skal innhalda personalia om barnet, årsak til bekymring, skildring av kva du har sett, hørt og observert – og når. Oppgi namnet ditt, evt. namn på kontaktperson, og kva som allereie er gjort.

Bekymringsmeldingar til barnevernstenesta bør vere i samråd med næreste leiar. Dersom leiaren din ikkje deler di bekymring, har du ei sjølvstendig plikt til å melde frå om bekymring til barnevernstenesta.

Barnevernstenesta gir offentlege meldarar tilbakemelding om at bekymringsmeldinga er motteken og når undersøkinga er avslutta. Som privatperson, venn eller nabo får du kun vite om meldinga er motteken.

Hugs:

Du skal kun melde i frå om di bekymring.

Det er barnevernstenesta som undersøker saka, og avgjer vidare tiltak. Dersom det skulle vise seg i etterkant at bornet sin situasjon er mindre alvorleg enn først anteke, har du likevel ikkje brote teieplikta di ved å ha meldt i frå til barnevernstenesta.

Anonyme drøftingar:

Er du usikker, kan du når som helst ringje barnevernstenesta for å drøfte saka anonymt. Då

vil tilsette i barnevernstenesta rettleie deg på korleis gå vidare i høve samtale med barnet, og eventuelt sjølve meldeprosessen.

Kva om saka er hjå barnevernstenesta, eller er lagt vekk, og valden/overgrepa held fram?

Meld saka på nytt til barnevernstenesta. Det er ikkje alltid at all informasjon kjem fram på ein gong, eller at barnevernstenesta og politiet klarar å avdekke dei faktiske forhalda. Det er viktig at du held fram med å undre deg over barnet sin situasjon, og melder i frå om dine bekymringar.

Gje born og familiar informasjon om vald i nære relasjoner og dei ulike hjelpetilboda som finnes i kommunen og omegn. Snakk om det på foreldremøter og del ut brosjyrar. Samtal jamleg om emnet på arbeidsplassen.

Ikkje alle born lever under optimale forhold, og det kan vere situasjoner dei ein tenkjer at born og familiar kan ha nytte av tiltak frå barnevernstenesta. I slike situasjoner har ein ikkje meldeplikt til barnevernstenesta. Då bør ein i staden informere born og foreldre om hjelpetiltak frå barnevernstenesta.

Viktige telefonnummer – akutt:

Døgnopen vaktelefon til barnevernstenestene i Årdal, Aurland og Lærdal – 90 21 34 81
Politiet – 02800
Krisesenteret i Sogn og Fjordane – 57 74 36 00

Samtale, råd og rettleiing på dagtid:

Barneversleiar Anne F. Larsen – 99 08 04 62
Kontaktperson barnevern Linn Luggenes – 95 02 52 95
Kontaktperson barnevern Malin Moen – 40 43 94 80
Leiande helsejukepleiar Anne Berit Lerum – 46 93 66 31
Barne- og ungdomskontakt Hanne Hestetun – 90 80 90 80

Kompetanseplan, tiltak i perioden

Målsetting:

- Gjennom Handlingsplan for å førebyggje vald i nære relasjoner skal ein auke tilsette Årdal kommune sin kunnskap og kompetanse om vald og overgrep, slik at dei er i stand til å avdekke og handle.
- Vi skal auka meldekompetane når det gjeld melding til barnevernet
- Vi skal auke samhandlingskompetansen, slik at det kjem dei valdsutsette til gode

Eining	Tiltak	Ansvar	Frist
• Eldreomsorg • NAV • Legetenesta • Psykisk helseteneste • Eventuelle andre aktuelle	Auka kunnskap om avvergeplikta	Einigsleiarane i samarbeid med fylkesmannen	2020
NAV	Alle rådgjevarar på NAV får gjennomgang av rutinar og rettleiingsmateriell som NAV har tilgang til	NAV leiar	2020
Barnevernstenesta	Informere alle einingar om korleis barnevernet arbeider og auka meldekompetansen	Leiar i barnevernet i samarbeid med dei andre einingane	2020/2021
Barnehagane	Gå igjennom og justere rutinar; tiltakskort 13 og 14: Mistanke om vald/seksuelle overgrep – heimen og tilsette	Styrarane i barnehagane	2020
Legetenesta	Lage flytskjema for korleis gå fram i arbeidet som gjeld vald og seksuelle overgrep. Barn og vaksne. Gjere flytskjemaet kjent for alle tilsette	Kommunelege 1 i samarbeid med fastlegane og helsestasjonen	2020

Eining	Tiltak	Ansvar	Frist
Helsestasjonen	Utarbeide tiltaks kort; 1. Barn/ungdom informerer om vald/overgrep 2. Mistanke om vald/overgrep mot vald/overgrep 3. Vald/truslar mot helsejukepleiar	Leiande helsejukepleiar	2020
Alle einingar som arbeider med barn: <ul style="list-style-type: none">• Helsestasjon• Psykisk helseteneste• Barnehage• Skule• PPT	Leggje til rette for å øve seg på å tote å ta opp temaet vald i nære relasjonar, og for at ein klarar å gjere det på ein ivaretakande og klok måte.	Einingsleiarane	2020/2021 Kontinuerleg
Bu og miljøtenesta	Teikn på overgrep hjå personar med utviklingshemming	Leiar bu- og miljøtenesta i samarbeid med RVTS og habiliteringseininger, eventuelt andre kompetansesenter	2020
<ul style="list-style-type: none">• Barnevernstenest• PPT• Helsestasjonen• Psykisk helseteneste	Skulering i foreldrerettleiingsprogram Ved å auka kompetansen om risiko, vert vi betre i stand til å bistå risikoutsette.	Styringsgruppa BTI i samarbeid med einingsleiarane	2021/2022
<ul style="list-style-type: none">• Skule• Barnehage• PPT• Helsestasjon• Psykisk helseteneste• Barnevernstenest	Etablere kommunalt konsultasjonsteam for drøfting/rettleiing, nivå 2 i handlingsrettleiaren for BTI (betre tverrfagleg innsats)	Styringsgruppa BTI i samarbeid med einingsleiarane	2020

Økonomi

Årdal kommune sine tilsette skal førebyggje vald i nære relasjonar og hjelpe menneske som er utsette for vald i sitt arbeide. Dette skal gjerast innanfor ordinær drift . Arbeidet skal utøvast i

samsvar med lovverk og handlingsrettleiarar. Det er viktig å prioritere tiltak i kompetanseplanen for å sikre auka kompetanse om temaet.

Kompetanseplanen innanfor temaet skal sjåast i samanheng med kommunen sin heilsapeleg plan for kompetanseheving og skal integrerast i denne. Kostnader til kompetanseheving er stipulert til kr 50 000 i 2020 – 2021.

Nettressursar

Det finst ei rekke nettbaserte verktøy og tiltak som kan nyttast i førebyggjande arbeid, som ikkje er tekne med som direkte tiltak i handlingsplanen si tiltaksliste. Dei kan hjelpe kommunen sine tenester med å gjennomføra tiltaka, og gje eit heilsapeleg tilbod.

For alle

- [Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress](#)- forsking og rapportar
- [Dinutvei.no](#) – Nasjonal vegvisar til hjelpetilbod, informasjon og kunnskap om vald i nære relasjonar, valdtekst og andre seksuelle overgrep. Her finn du også eit spørsmål – svarteneste der du som stiller spørsmål er anonym.
- [Hvorlite.no](#) – Politiet si informasjonsside om vald i nære relasjonar

For deg som jobbar med barn og unge

- [Kunnskapsgrunnlaget](#) – Metodar for tidleg identifisering av risiko hjå barn og unge. Rapport finst hjå [Helsedirektoratet](#)
- [SNAKKE](#) er eit opplæringsprogram for deg som arbeider med å snakka med barn og unge, utarbeidd av RVTS. Her kan du øve og trenere på å avklara korleis barnet har det- Tilgjengeleg på [Snakkemedbarn.no](#)
- [Jegvilvite.no](#) – Fyrst og fremst informasjon til barn, men under fana for vaksne får du enkle tips og råd om korleis du på best mogleg måte kan snakke med barn om vanskelege ting.
- [Rettentil.no](#) er utvikla av RVTS og gir deg som møter barn og unge som kan vere utsett for negativ sosial kontroll, tvangsekteskap eller kjønnslemlesting ein oversikt. Her er det artiklar, oppdaterte definisjonar, i tillegg til konkrete råd og refleksjonsspørsmål. Her finn du også oversikt over viktige delar av hjelpeapparatet og referansar til aktuell faglitteratur.
- [Opplæringsverktøy for barnehage og skule som gjeld livsmeistring og førebygging av vald](#).
[Jevvet.no](#)
[Determinittvalg.no](#) (Lions Quest)
[Æ E MÆ](#) Program for førebygging av vald og seksuelle overgrep, frå Sortland kommune.

Gode nettressursar retta mot barn og unge

- [Jegvilvite.no](#)
- [RVTS informasjonsfilm](#) for barn om overgrep mot barn
- [116111.no](#) – Informasjon om kva som skjer om du ringjer alarmtelefonen for barn og unge på mange språk.
- [IkkjeGreit](#). Bufdir si informasjonsbrosyre med tips og råd til ungdom 13 – 18 år med tips og råd til kva dei kan gjere om dei sjølve eller andre vert utsett for hatprat.
- [Kroppen min eier jeg](#), tegnefilmar på [NRK Super](#) og rettleiingsmateriell frå [Redd Barna](#)
- [Hesesista](#) på Snapchat har svært mange følgjarar blant barn og unge. Sjå og lær!

For deg som jobbar med eldre

- Vern for eldre – informasjonside og e- læringsprogram for deg som jobbar med eldre. Inneheld mellom anna interaktiv nettressurs med oppgåver med fokus på Heimebuande eldre vernforeldre.no/info/
Eldre i institusjon vernforeldre.no/institusjon/
- Usynlige overgrep – Brosjyre om Krisesenteret sitt tilbod for alle som møter eldre i arbeidet sitt

For deg som jobbar med vaksne med nedsett funksjonsevne

- Bufdir har utarbeidd retningslinjer og rettleiarar ved seksuelle overgrep
- Den tause volden – Krisesenteret si brosjyre om vald mot menneske med nedsett funksjonsevne. Kontakt Krisesenteret i Sogn og Fjordane om du ønskjer brosjyrer
- Bufdir Rapport om førebygging av vald i omsorgssenter og butilbod for personar med kognitiv funksjonsnedsetting, psykisk evanksar og/eller sosiale vanskar.

For deg som jobbar med minoritetsspråklege

- Informasjonsskriv frå Regjeringa om arbeid med negativ sosial kontroll
- dinutvei.no har informasjon på mange språk
- Tvangsekteskap og æresrelatert vold – Bufdir si informasjonsside
- Brosjyrar, filmar og rettleiarar frå Bufdir
- Hjå Krisesentersekretariatet finst brosjyrar om juridiske rettar for menneske som er utsett for kriminelle handlingar. Brosjyrar finst og på desse språka: arabisk, bulgarsk, engelsk, kurdisk, russisk, somalisk, thai, tyrkisk, urdu.

Kjelder

Regjeringa sin opptrappingsplan mot vald og overgrep 2017 – 2021.

Regjeringa sin handlingsplan mot negativ sosial kontroll, tvangs-ekteskap og kjønslemlesting. Retten til å bestemme over eget liv 2017 -2020.

Regjeringa sin strategiplan for kjempe mot vald og seksuelle overgrep mot barn og unge. Barndommen kommer ikkje i reprise 2014 -2017.

Nasjonalt senter for vald og traumatisk stress (2014). Vold og voldtekt i Noreg – ein nasjonal studie av forekomst. Meningen med volden.

Skildringar av ulike former for vald er henta frå Norsl Helseinformatikk <https://nhi.no/familie/barn/seksuelle-overgrep-mot-barn/> og frå rettentil.no/rettentil.no/voldens-psykologi/vold-i-familien/

Nasjonalt senter for vold og traumatisk stress (2014). Vold og voldtekt i Norge – en nasjonal forekomststudie

[Bufdir.no/Statistikk_og_analyse/Oppvekst/Vold_og_overgrep_mot_barn/Barn_utsatt_for_vold_i_familien/](http://bufdir.no/Statistikk_og_analyse/Oppvekst/Vold_og_overgrep_mot_barn/Barn_utsatt_for_vold_i_familien/)

Sandmoe A. Wentzel- Larsen T. & Hjeddal O.K. (2017). Vold og overgrep mot eldre personer I Norge. En nasjonal forekomststudie. Oslo: Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress (Rapport 9/2017).

Vatnar (2015) Partnerdrap i Norge 1990 – 2012

Et liv uten vold – Regjeringen sin handlingsplan mot vald i nære relasjoner 2014 – 2017.

NOU 12/2017 Svikt og svik. Gjennomgang av saker der barn har vore utsett for vold, seksuelle overgrep og omsorgssvik

«Alle kjenner noen som har opplevd det». Rapport om seksuelle krenkingar mellom ungdom. Barneombudet 2018.

Retten til å bestemme over eget liv. Handlingsplan mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønslemlesting (2017 – 2020)

Kan dem takke seg selv? (Aanerød 2015) Krisesentersekretariatet. Sjå og nrk.no/dokumentar/1-av-2-drap-begatt-av-rusede-1.11758458.

Grøvdal.Y (2013) mellom fihet og beskyttelse? Vold og seksuelle overgrep mot mennesker med psykisk utviklingshemmng, en kunnskapsoversikt. Oslo: Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatiske stress. (Rapport 2/2013).